

SELJORD KULTURSKULE



Informasjon om søknad

Skuleåret 2022/2023

Søknadsfrist: **1. mai 2022**

Alle må no søkje på **nye tilbod** via elektronisk søknadsskjema på Seljord kommune si heimeside

www.seljord.kommune.no

(klikk: Oppvekst -Barn og utdanning – Kulturskule – ► Skjema)

Her skal du også **vidareføre** eller **sei opp** den plassen du allereie har.

Ein tek atterhald om tilstrekkelege lærarressursar og økonomi. Ved inntak tek ein omsyn til alder, ansiennitet og venteliste i kulturskulen. Bortsett frå gruppetilboda, har vi desentralisert undervisning.

NB! Søknaden er bindande for eitt skuleår (2 semester)

Meir info får du gjennom kulturskulen.
Kontortid mån-ons 09.30-13.30. Telefon: 35065123

Epost: tore.sognefest@seljord.kommune.no

Om kulturskolen og tilboda

Seljord kulturskule er open for alle born og unge i Seljord kommune. Øvre aldersgrense for opptak av nye elevar er 18 år, men ein vil også kunne tilby undervisning for vaksne på gitar, fele/fiolin og piano. Undervisninga er lagt til Granvin kulturhus og Flatdal skule/samfunnshus. Kulturskolen følgjer skuleruta for grunnskolen i Seljord i 37 veker. Undervisninga kan organiserast enkeltvis eller i grupper, med 20-30 min. for individuell undervisning og inntil 45 min. for grupper. Timane vert for det meste lagt til ettermiddag og kveld, men også i SFO-tida viss det høver.

Individuelle tilbod: Gitar, ukulele, piano, slagverk, song, hardingfele, fiolin, cello, bratsj, fløyte, trompet, horn, tuba, trombone, baryton, klarinett, saksofon, trekkspel, piano besifring, gitar for vaksne, piano for vaksne, fiolin for vaksne, lydstudio/musikkproduksjon på iPad.

Gruppetilbod: Barnekor, musikal/teatergruppe, band, korps, visuell kunst, juniorlag.

Tilbod for vaksne: Du kan søkje på opplæring i gitar, piano og fiolin/hardingfele.

Meir om tilboda:

Strykeinstrument: Undervisning på hardingfele, fiolin og bratsj, grunnopplæring i cello. Instrument kan leigast hjå kulturskolen. Hardingfele-elevar kan bli med på samspel i juniorlag eller aspirantlag. Lærer er Ragnhild Knudsen.

Blåseinstrument: Instrumenta kan leigast eller lånast frå korpset. Det er best om du også deltek i eit av korpsa, då det alltid er meir moro å spele saman med andre.

Piano: Her er det ein fordel å ha piano heime. Keyboard/el piano går også greitt.

Besifring piano: For litt eldre elevar som vil spele "fritt" etter akkordar. Her er det ein fordel å kunne litt notar i G -nøkkel frå før.

Song: Opplæring i stemmebruk og songteknikk i ulike sjangrar. For dei litt eldre elevane (frå 7. klasse og oppover). Sigrd Aase og Gunn Steinstad er lærarar.

Gitar/bass/ukulele: Undervisning i akustisk gitar/ukulele og el. gitar/bass

Slagverk: Opplæringa er for det meste på trommesett/skarp tromme, men også andre rytmeinstrument som congas, bongos m.m. Kombiner gjerne med deltaking i korps.

Teatergruppe/musikal: Det blir starta musikal/teatergruppe med Gunn Steinstad, viss nok søkjarar. Gruppetilbod frå 7. klasse til 3 VGS.

Trekkspel: Knappespel (norsk system). Bør disponere instrument sjølv. Lærer er Oddbjørn Aase.

Barnekor: Kor-gruppene blir sett saman i høve til alder og kor mange som melder seg. Dirigent er Gunn Steinstad.

Band: Her må ein ha spelt ei stund for å bli vurdert til opptak. Du kan gjerne gå saman med andre elevar og levere ein felles søknad. Lærer er Jo Henning Kåsin.

Lydstudio/musikkproduksjon/iPad: Her kan du jobbe med studio-opptak, lydmiksing og musikkproduksjon på MAC og iPad i vårt nye lydstudio.

Visuell kunst: Frå 4. klasse. Gruppeundervisning i Kviteseid (samarbeid). Oppstart etter haustferien.

Korps: Ein kan ha individuell time i kulturskolen og samtidig delta i eit av korpsa. Korpsa gjev også opplæring på instrumenta. Ved val av "korps", vil di interesse bli sendt vidare til korpset i Flatdal eller Seljord.

Samspel: Dei som held eit høgt nivå, kan få spørsmål om å delta i samspel knytt til prosjekt og konsertar. Dette kan ein ikkje søkje på, men blir plukka ut.

Økonomi:

Skulepengar er sett til kr. 3.650,- for skuleåret for individuell opplæring, kr. 2.050,- for gruppetilbod. Det vert gjeve 50% moderasjon for søsken og utvida tilbod i individuell opplæring. Tilbod for vaksne er til sjølvkost, kr. 6.600,- per år (37 veker). Rekninga fordelast på haust og vår.